

Leiars tale, årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag 9.mai 2020

Kjære årsmøte, ordstyrar og andre gjester.

Igjen eit annleis år. Og enda eit årsmøte på skjerm. Det er for me håpa det siste som vert slik. Det er litt tungt å sjå tilbake på det siste året med veldig nedskåret aktivitet. Men og det skal seiast, MEN det har skjedd ein del der ute. Dei forskjellige laga i Hordaland har klart å finna løysingar slik at bygdekvinnelaga har fått vist kva dei står for. Det vart nokon smottthol i året 2020 då det var opning for å møtast fysisk. Nokon lag fekk feira jubileum. Me gratulerer det eldste laget i Hordaland, Voss Bygdekvinnelag med sine 95 år og Stord Bygdekvinnelag med 90 år. Og Bu og Ringheim Bygdekvinnelag med sine 90 år. Nokon lag fekk til møter med bakst, konfektlaging og perlekurs. Og det er fleire av laga som har gjort ute-møter og turar til ei større aktivitet enn før og det er jo ei veldig fin ting. Eller som dei seier i Kinsarvik Bygdekvinnelag: Frisk luft, vakker natur og god prat er helsebot for både kropp og sjel. Nokon lag har i tillegg tatt den digitale verden meir i bruk, med medlemsmøte på ZOOM og Ulvik Bygdekvinnelag fekk laga seg film i staden for joleverkstad. Der vart det laga jolekrans og steikte smultringar. Filmen vart lagt ut på Facebook og på heimesida til laget slik at mange fekk sjå den. Det var veldig kjekt at alle laga fekk ha sine årsmøte fysisk sjølv om det var på hengande hår nokon plasser. Med å halda avstand og ha stødig hand om smittevern vart alle årsmøta gjennomført utan eit einaste smitte. Ja det er verkeleg kjekt å vita at Bygdekvinnelaga i Hordaland held fram å halda liv i bygdene.

Samarbeidsparnarar: Styret i Hordaland Bygdekvinnelag har eit godt samarbeid med Vestland Bondelag og Hordaland Bygdeungdomslag der me har våre representantar i styre i begge laga. Det har også vore kjekt å ha deira representantar i vårt styre med Kjersti Hjelmeland frå bondelaget og Nils Arne Rykkje frå bygdeungdomslaget, det gjev eit breiare perspektiv for oss i fleire saker. Og me ser jo at mykje av det me er opptatt av er også deira hjertesaker. Der vil eg nemna kor viktig det er med levande bygder, der det er arbeidsplassar og fritidsaktivitetar som freistar folk til å vilja bu på landsbygda. Bygdeungdomslaget er avhengig av engasjerte ungdommar som vil delta og bidra i eit aktivt lag som gjere mange kjekke og lærerike ting både lokalt og på treff med andre bygdeungdomslag. Der deler dei erfaringar og vert kjente med mange andre ungdommar frå andre distrikt og det viser seg også at desse treffa resulterer i mange nye bygdekvinne og bondelagsmedlemmer.

Bondelaget er opptatt av distriktpolitikken og bonden er avhengig av ein aktiv distriktpolitikk som gjer det attraktivt for anna næringsliv å etablere seg i distrikta. *(frå Bondelagets si helsing v/Anders Felde i vår årsmelding s.26)*

Eg huskar når eg flytta til Ulvik frå storbyen Reykjavik då følte eg at her skjer det ting. Det var mykje å velja i av aktivitetar og der var jo bygdekvinnelaget som stod for ein stor del av dei aktivitetane. Eg kan sei meg einig i det Anders Felde skriv i si helsing «Kvar enkelt av oss har ansvar for å skapa bulyst i bygdene» .

Det er viktig verving: Eg veit det er tungt å få til organisert verving når det er så mykje stengt. Kanskje gode turar i nærmiljø kan freista fleire å vera med på. Eg har forstått at det er fakta i Bjørgum Bygdekvinnelag, deira velorganiserte turar i eiga bygd har lokka med nye bygdekvinne. Og det må vera ei god måte å ta imot nytilflytta damer og menn. Nytt våren og sommaren og kunnskapen de har i eige lag. I fjor var me stolte og hadde fått 80 nye medlemmar til saman frå året før det igjen. I året som har gått gjekk talet ned med 21. Nokon lag har auka og nokon lag er vorte færre. Styret i

Hordaland Bygdekvinne­lag har også prøvd seg på verving det siste året. Då me var med lammegryte i Etne og fremma Bruk av heile dyret, då me fekk kontakt med damer som har lyst å vera medlem i eit bygdekvinne­lag og få eit lag i Etne. Korona pandemien har stoppa oss i å koma vidare med å stif­ta lag der, men me ser fram til å fortsetja med det arbeidet når det opnar opp etter kvart. Og om de kjenner nokon i Etne eller der rundt så må de fremme det at det vert snart eit nytt bygdekvinne­lag der.

Frå Norges Bygdekvinne­lag: Det er mange gode saker Norges Bygdekvinne­lag jobbar med, saker som vedkjem oss alle og er med å gjera vårt liv og komande generasjoners liv betre. Som det står på nettsidene bryr med oss om : Likestilling og kvinners rettigheiter – Arbeidsplasser og distriktspolitikk – Berekraftig landbruk og miljø – Folkehelse og gode norske råvarer – Forbrukarrettigheiter -Norsk tradisjonsmat -Inkluderande lokalsamfunn.

Og dette vil me fremme med : å respektera kvarandre – å vera opne og ærlege – å visa engasjement - å vera lojale mot avtaler og beslutninger - å skapa trivsel, stoltheit og glede.

Bruk av heile dyret er det nyaste fokusområdet i Norges Bygdekvinne­lag ei sak som Bygdekvinne­laget og mange brenner for. Fakta er at me har ikkje tilgang til all maten som kan brukast frå eit dyr. Med dei store matvarekjedene vert tilbod av varer styrt av kjedene og det er dei som står med makta om kva me skal ha på bordet vårt. Men det er me som kundar og brukarar av varene som må ta over makta og etterspørja dei varene me vil at skal finnast i butikkane. Det er deler av dyret som ikkje vert nytta til mat for oss i dag, men vert brukt til dyrefor eller kasta. Dette vil bygdekvinne­lar endra. Med det kan me påverka klima der det vert mindre matsvinn og meir norsk produkt. Norges Bygdekvinne­lag oppmodar oss til å finna fram dei gamle oppskriftene og prøva oss fram med å nytta dyret slik som var vanleg før. Med til dømes blodpølser, retter av lever og anna innmat. Heldigvis er det ei stor vakning i kortreist mat og Reko ringer rundt om kring i bygdene er eit populært tilskot til anna tilbod. Eg vil med dette støtta Bondelaget sitt arbeid for klimaavtalen fram til 2030 der det skal ikkje reduserast med dyr eller jord, men heller auka god matjord med mindre klimagassutslipp. Me vil nok aldri få så trygge og gode produkt frå andre og den norske bonden vert berre meir og meir bevist sitt ansvar.

Norges Bygdekvinne­lag har ikkje slept taket i den norske byggen. Det er jo ei fantastisk norsk råvara som me må vera med å fremme. Det kan lagast mykje forskjellig menneskemat med bygg både som hovudingrediens og tilbehør til kjøt eller fisk der det kjem i staden for innflytta matvare som er på mange norske bord kvar dag. Då påverkar me både klima og arbeidsplasser i mang ei bygd med norsk kortreist mat.

Sjå hjå kvarandre: Det er kjekt å lesa på nettsidene til laga og det som er skrivet i årsmeldinga frå dykk. Mange har verkeleg fått til noko tross pandemi. Mange nyttar samvær ute på tur. Egdetveit fekk treff med jonsokfeiring oppe ved gapahuken der dei kosa seg med kaffi og quiss og anna. Vikebygd og Aga har tatt opp turar no nyleg og det er dei veldig glade for at dei får til, dei turane er opne for alle. «utruleg korleis ein tur i friluft styrkjer både kropp og sjel» seier dei. Omvikdalen fekk sin årlege måneskinstur. Oppheim og Hauge fekk ein flott tur på Stalheim og dei tilrår ein tur til Stalheim Hotell og på museet på Fuglehaugen. Skare Bygdekvinne­lag var med å red­da skulen i bygda, dei har mykje kontakt med elevane så det var naturleg å stå på for at skulen i bygda ikkje skulle verta nedlagt. Kjekt at Grimo Bygdekvinne­lag fekk til lokal pepperkakeby. Eg kan ikkje telja opp alt de har fått til, men denne vesle opteljinga viser verkeleg at det vert laga liv i bygdene. Om de føler at det

er vanskeleg å få til aktivitet så kan det hjelpe å sjå litt rundt seg, kva dei andre laga gjere på, ta ein titt på nettsidene eller les meir i årsmeldinga. Det er også ei fin ting å ta kontakt med eit anna lag og snakke litt saman. Me er der for kvarandre og det er veldig lett å ta kontakt med dykk alle og de er flinke å dela.

Husk at de vert sett pris på:

I fjor kontakta eg fleire av ordførarane i Hordaland som fortalde meg kva det betyr for deira bygd å ha eit bygdekvinnelag og det var mykje positivt som kom. Eg vil her avslutta med det Jakob Bjelland ordførar på Stord sa: *Gjennom både å ta vare på kulturarva vår og også vera blant dei fremste på integrering av særskilt framandkulturelle kvinner, syner bygdekvinnelaga at det er med god rot i fortida ein er best på å sjå og forma framtida. (Jakob Bjelland ordførar på Stord)*

Det vert kjekt når me kan vera meir fysisk samla i framtida og ta tak i dei aktiviteta me har måtta setja på vent. Og det er heilt sikkert at det er mange i bygda di som vil jubla.

Tusen takk for meg.